

Evalueringsrapport AORG 106

Våren 2012

SKILDRING AV STUDENTMASSEN

Semester	N	Av eksamens-meldte	Andel kvinner	Andel menn	Snitt-alder	Studie-erfaring
Vår 2009	25	30%	80%	20%	-	-
Vår 2012	34	48%	85%	15%	22	<1år (71%)

DEL 1. - UTBYTTE

Snittvurderingar der 1 er lågast og 5 er høgast

Semester	Fornøyd generelt	Utbytte forelesning	Utbytte pensum	Utbytte seminar	Praktisk informasjon
Vår 2009	3,2	2,6	4	4,2	n/a
Vår 2012	4,1	4,2	3,8	4,2	3,9
Vår 2013					

Kommentarar

Kurset får svært god vurdering, og førelesarar og seminar blir trekt fram framfor pensum som svært utbytterikt. Snittvurderinga er noko høgare enn for AORG 105. Begge førelesarar får skryt for å vera kunnskapsrike og engasjerande. Jamt over verkar det som studentane synst emnet er spennande og lærerikt, sjølv om vanskegraden blir vurdert ulikt. Dette kan ha samanheng med varierende studieerfaring. Nokon studentar ønska seg meir fokus på Scott og Baker.

Seminar blir trekt fram som svært viktig og lærerikt. Seminarleiar Helene Norli får svært gode tilbakemeldingar. Mange vektlegg at ho har brukt tid på å forklare gunnleggande omgrep i adm.org., noko mange har sett pris på sidan dei går på utviklingsstudier og ikkje har noko innføringsfag frå før. Nokon hadde imidlertid foretrekt at det var meir fokus på pensum i seminara. Her delar dei kvalitative tilbakemeldingane seg om lag på midten. Sjå forøvrig eget rapportskriv for ein meir detaljert gjennomgang av tilbakemeldingane på seminaraktiviteten.

- *Flinke forelesere som ved å bruke humor gjør at det blir mer driv i timene. Ja takk til mer humor! 😊*
- *Eg synes at dette faget har vore utruleg spennande og begge forelesarane har vore flinke og utfordrande.*
- *To veldig gode forelesere som gjør pensum relevant. De er gode til å lære fra seg og lærer bort stoffet med innlevelse og på en veldig god måte*
- *Syns vi hadde litt for mye om begreper, grunnleggende begreper i adm.org fremfor å fokusere på selve pensum. Men fornøyd!*
- *Veldig fornøyd med seminar og seminarleder Helene! Hun er inspirerende. 😊*

DEL 2. – EIGA DELTAKING

Median – oftast valde alternativ, med prosentdel som valde det alternativet

Semester	Deltakelse forelesning (av 10)	Deltakelse seminar (av 10)	Andel pensum lest (av 800)
Vår 2009	9-10 (60%)	9-10 (48%)	75-100% (44%)
Vår 2012	9-10 (62%)	6-8 (41%)	25-50% (38%)

Kommentarar

Oppmøtet er relativt godt, der nesten 2/3 har møtt på alle eller nesten alle førelesingane. Nesten 40% av studentane oppgir imidlertid å ha lese under halvparten av pensum. Dette kan kanskje forklarast med at mange oppgir å ha prioritert andre emne som hadde eksamen før dette emnet. Fleire kommenterer at dei gjerne skulla førebudd seg betre, medan langt dei fleste ikkje har nokon kommentar til eigen innsats.

- *Møter opp, men er litt for lite forberedt.*
- *Ikke veldig engasjert, mest fordi et annet fag har krevet mye tid.*

Prioritering av kurset i forhold til andre kurs

56% svarar at dei har nedprioritert dette kurset til fordel for andre kurs, medan 43% meiner å ha prioritert likt mellom kursa dei har tatt. Dette har vore ei vanleg tilbakemelding også tidlegare år. Forklaringar som går igjen på kvifor ein har nedprioritert kurset, kan oppsummerast i tre hovudpunkt:

- Andre kurs har hatt meir krevande stoff
- Andre kurs har skuleeksamen
- Andre kurs har hatt eksamen før dette kurset

SANT 220 blir trekt fram av fleire som eit emne som krev meir av dei, og såleis er «skuld» i at AORG 106 blir nedprioritert.

Samtidig trekker mange fram at det var eit spennande kurs som dei skulla ønske dei hadde høve til å prioritere høgare.

KOMMENTARAR FORØVRIG

- *Har vore kjekt å ha både forelesarar og seminarleiar som er interessert i faget!*
- *Veldig spennende og bra lagt opp kurs. Både seminarlder og forelesere legger godt til rette for spørsmål (som de svarer godt på), og de lærer oss pensum på en relativt lett måte slik at det blir lett å forstå.*
- *Temaene er spennende og foreleserne har stor kompetanse på det de foreleser om.*
- *Et supert kurs som det har vært gøy å følge!*
- *Seeing like a state fra James Scott er en svært tykk bok som egentlig kunne vært mye tynnere. Scott drar ut temaer over 10-talls sider og jeg sitter etterpå igjen med noe jeg kan forklare godt på få setninger.*
- *Hyden refererer noen ganger til Afrika som om kontinentet var et land.*

OPPSUMMERING

Emnet får svært god vurdering, og klart betre enn AORG 105. Der førelesingar og seminar får ei snittvurdering på 3,9 i AORG 105, landar snittet på 4,2 for AORG 106, som er svært godt. Samtidig oppgir ein langt større del av AORG 106-studentane at dei nedprioriterer emnet, og mange oppgir andre, meir krevande emner som grunngjeving. Det kan kanskje tyde på at utviklingsstudiestudentar, som langt dei fleste som tar AORG 106 er, opplever at det er vanskeleg å få tid til AORG 106 fordi dei andre obligatoriske emna første året er lagt opp slik at dei blir «tvunge» til å prioritere dei.